




Høgskulen
på Vestlandet

Fakultetsplan 2024-2025

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Sist revidert mars 2025. Drøftet i ID-møte 14.03.25

- Vedlegg 1: Resultatutvikling styringsparameter
- Vedlegg 2: Økonomi- og omstillingsplan
- Vedlegg 3: Budsjett for 2025



Innleiing og status v/dekan

Fakultet for helse- og sosialvitenskap hadde eit stabilt økonomisk handlingsrom i åra etter at vi vart etablert i 2018. Dette biletet har endra seg i løpet av dei siste åra. Sjølv om vi framleis har god produksjon i våre utdanningar så har vi hatt ein fart i utvikling av aktivitet som ikkje står i forhold til inntektene. Fakultetsplanen inneheld difor arbeidsområde som krev omstilling og at vi må ta ned kostnader rundt kjerneverksemda vår knytt til dei ulike verksemdsmåla.

Den største risikoen for framtida ligg i kor vidt vi klarar å oppretthalde samfunnskritiske utdanningar nær distrikta som er knytt til våre fem campus. Opptakstala for 2024 viser at vi har ein stabil søkjar masse og at både bachelorutdanningane og masterutdanningane treffer marknaden godt. Fakultetet har gjort grep for å trekke til seg fleire søkjarar til sjukepleieutdanninga, og dette har resultert i gode opptakstal også her. Framtidig stabilitet i økonomien er avhengig av at vi klarar å oppretthalde god gjennomstrøyming i utdanningane. Utdanningsaktiviteten er også avgjerande for storleiken på fagmiljø og satsing på forskingsaktivitet, og det er viktig for fakultetet å bygge fagmiljø på alle fem campus for å imøtekomme kompetansebehovet i helse- og velferdstenester i heile vårt geografiske nedslagsfelt.

Ei anna stor utfordring er å møte forventningane om auka vekst og posisjonering innan forskning og ekstern forskingsfinansiering, samstundes som det er varsla nedgang i budsjetta. Dei komande åra er kritiske med tanke på at det er varsla nedgang i budsjett og med ei rekkje politiske signal knytt til helse- og sosialfaglege tenester og høgare utdanning. Det er ei generell uro knytt til korleis nasjonale og politiske føringar kan påverke vidare utvikling av dei akademiske profesjonsutdanningane og vidare overgangar til masternivå og ph.d.-nivå.

Føremål, oppbygging og bruk av planen

I tråd med [oppdragsbrev frå rektor](#) skal fakulteta ha heilskaplege fakultetsplanar. Fakultetsplanen skal vere i samsvar med målstrukturen i verksemdstrategien og ta innover seg oppdraga frå rektor. Det er dekan som eig og godkjenn planen. Saman med studieportefølje, budsjett og økonomi- og omstillingsplan, er fakultetsplanen dekan sitt viktigaste styringsverktøy for fakultetet si faglege og administrative verksemd.

Fakultetsplanen for FHS fangar opp eksterne og interne føringar. Den svarar ikkje ut kvart enkelt av oppdraga frå rektor i form av eigne og fleire tiltak, men samlar føringar og fokus mot 10 strategiske arbeidsområde for dei to neste åra. Til kvart av dei strategiske arbeidsområda er det konkretisert felles verkemiddel, tiltak og arbeidsmetode. Det er i tillegg utarbeida eit sett med styringsparametar. Dekan si vurdering av risiko og berekraft opp mot verksemdsmåla er og inkludert i fakultetsplanen. Det vil bli gjort opp status på planen kvart tertial i forbindelse med tertialrapport økonomi.

Det er forventa at institutta innrett sitt arbeid i høve til fakultetsplanen. For 2025 er det ein særleg forventning til at institutta fylgjer opp dei konkrete tiltaka i økonomi- og omstillingsplanen.

Fakultetsplanen er revidert i mars 2025. Risikovurderinga for dei einskilte verksemdsmåla er oppdatert og det er gjort einskilte endringar planen. Økonomi- og omstillingsplan, resultatutvikling styringsparametar og budsjettdisponeringa for 2025 er innarbeida i fakultetplanen som eige vedlegg

Oppsummering målstruktur og risikovurdering

› Verksemdsmål HVL



1. Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov




2. Forskinga vår held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet



3. Ansvarleg innovasjon preger samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet



4. Organisasjonen vår er kjenneteikna av at vi søker forbetring



5. Vi er eit samskapande fakultet med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle



6. Vi deler kunnskap og deltek aktivt i samfunnsdebatten

› Strategiske arbeidsområde FHS

1. Berekraftig styring og utvikling av studieporteføljen
2. Omstilling og effektiv ressursbruk i utdanningane
3. Kopling mellom utdanning og forskning
4. Eksternt finansierte prosjekt
5. Tverrfagleg samarbeid i utdanning og forskning
6. Digitalisering knytt til forskning, utdanning og kompetanseutvikling
7. Bemanningsplanlegging og økonomistyring
8. Leiing, organisasjonsutvikling og medverknad
9. Campusutvikling og lokal/regional forankring
10. Byggje tillit, truverdighet og akademisk ytringskultur

HVL verksemdsmål 1:

Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov



Dekan si risikovurdering
per mars 2025

Fakultetet må planlegge for at samfunnskritiske utdanningar skal oppretthaldast med eit visst volum og i tråd med dei nasjonale føringane for dimensjonering av utdanning. Trykket på vidare utvikling av utdanningstilbod er stort, og det er viktig å balansere eksterne interesser opp mot fakultetet sitt handlingsrom knytt til fagleg og økonomisk berekraft. I den grad det er mogleg bør den eksterne innteninga knytt til utdanningar auke, men den største gevinsten må vi hente frå ein nedgang i aktivitetsnivået samtidig som vi må gjere kloke prioriteringar som fremjar tilgang på utdanning, kvalitet i undervisning og kompetanse for framtida

Oppdrag frå rektor 2025:



- Arbeide målretta for å framleis sikre den gode studentrekrutteringa til fakultetet og campus.
- Utvikle studieporteføljen vidare i tråd med overordna prinsipp og SEFØ-modellen. Må ha særleg merksemd på samkøyring av emne, reduksjon av kompleksitet og betre ressursutnytting og andre tiltak for å sikre ei økonomisk berekraftig studieportefølje.
- Integrere emnet Danning og akademisk praksis ved oppretting av nye studieprogram, og arbeide for at emnet blir integrert i eksisterande studieprogram i samband med revisjonar
- Styrke partnarskapet og samhandlinga med profesjonsfeltet for å utvikle tilbodet av fleksible utdanningar.
- Vurdere og følgje opp moglegheiter og risiko i bruken av digitale læringsformer og nettbasert undervisning
- Auke omfanget av etter- og vidareutdanningstilbodet (EVU)
- Setje i verk tiltak som ytterlegare kan auke studentmobiliteten og internasjonalisering heime.

Strategiske arbeidsområde for FHS 2024 og 2025

1 Berekraftig styring og utvikling av studieportefølje

Felles verkemiddel, tiltak og arbeidsmetodar:

- Prioritere arbeid med økonomisk berekraft i studieporteføljen (jf. tiltaksområde 1 i økonomi- og omstillingsplan)
- Systematisk samhandling med praksisfeltet om EVU-behov inkl. vurdering av «kjøpekraft» eksternfinansiert EVU
- Auke merksemda på rekruttering av menn i helse- og velferdsutdanningar

Styringsparameter:

- A. Kvalifiserte søkjarar per studieplass-
- B. Produksjon og gjennomføring i utdanningane
- C. Utnytting av finansierte studieplassar («produksjonsgrad»/ tal eigenproduserte heiltidsekvivalentar per finansierte studieplass)
- D. Studiepoengproduksjon per faglege årsverk
- E. Gjennomstrømming før og etter fjerning av nivåkrav sjukepleie
- F. Omfang ekstern finansiert EVO (ekstern finansierte heiltidsekvivalentar)

2 Omstilling og effektiv ressursbruk i utdanningane

Felles verkemiddel, tiltak og arbeidsmetodar:

- Implementering og revidering av timerammemodell, retningslinjer for arbeidstid og TE-plan
- Oppfølging og konsekvensvurdering av nye reglar for sensur
- Informasjon, dialog og medverknad med dei tilsette og deira organisasjonar
- Informasjon, dialog og medverknad studentar
- Konsekvensvurdere studentmobilitet i lys av ny finansieringsmodell
- Oppfølging og implementering av plan for internasjonalisering
- Vidareføring og utvikling av studentassistentordninga

Styringsparameter:

- G. Ressursbruk på tvers av einingar
- H. Tid brukt på undervisning (inkl. sensur)

HVL verksemdsmål 2:

Forskinga vår held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet



Dekan si risikovurdering
per mars 2025

Fakultetet er avhengig av tilstrekkeleg med forskingskompetanse innan den store breidda i fagområde i fakultetet. Vi må likevel i større grad satse på nokon forskingsområde og forskingsmiljø der vi er særleg sterke og som kan bidra til å bygge fagleg profil og sikre meir ekstern inntening. Forskingsprosjekt og rettleiing i ph.d.-utdanningane og masterutdanningane er viktige inngangar. Vidare utvikling av fakultetet si rolle i kunnskapsutviklinga er særleg avhengig av at vi har tilstrekkeleg med insentiv til å drive målretta forskingsaktivitet, samstundes som det avheng av ei differensiering og avgrensing av ressursane vi brukar på FoU-aktivitet.

Oppdrag frå rektor 2025:



- Vere tydeleg på forskningssatsing, og løfte fram strategiske områder (som oppdrag frå Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning og ARTEMIS).
- Arbeide systematisk for å auke delen tilsette med førstekompetanse og toppkompetanse, men også anna kompetanse som er viktig for at fakultetet skal kunne nå alle mål.
- Setje i verk aktuelle tiltak for å byggje gode forskingsmiljø som sikrar meir publisering og eksterne inntekter (Forskningsrådet og EU).
- Inkludere studentar i forskning, og sikre at kunnskap frå forskning vert integrert i utdanningane og samstundes bidreg til auka publisering.
- Halde fram med det systematiske arbeidet med forskningsetikk og personvern i forskning og utdanning.

Strategiske arbeidsområde for FHS 2024 og 2025

3 Kopling mellom forskning og utdanning

Felles verkemiddel, tiltak og arbeidsmetodar:

- Tydeleggjere og spisse fakultetet si forskingsprofil
- Strategisk disponering av forskingskomponenten
- Felles finansiering av stipendiatstillingar og kompetanses stipend
- Studentmedverknad i forskingsprosjekt
- Rekruttering Ph.d. utdanninga(ne)
- Implementere plan for internasjonalisering, og inkludere potensiell utnytting av ARTEMIS i denne.
- Samarbeide om undervisning på tvers av ph.d. programma
- Bruk av meritterte undervisarar
- Risikovurdering, oppfølging og implementering av forskrift om stillingsstruktur

Styringsparameter:

- I. Tal og fordeling førstekompetanse (førstelektor/førsteamanuensis og toppkompetanse (dosent/professor)
- J. Avlagte doktorgradar og gjennomføringsgrad i Ph.d. utdanningane
- K. Publiseringspoeng
- L. Studentar involvert i FoU-prosjekt

4 Ekstern finansierte prosjekt

Felles verkemiddel, tiltak og arbeidsmetodar:

- Tydeleggjere og styrke insentiv for ekstern finansiering
- Kople karriereutvikling mot eksterne midlar
- Systematisk arbeid med EU-søknadar

Styringsparameter:

- M. Omfang ekstern finansierte forskning (søknadar og tilslag)

HVL verksemdsmål 3:

Ansvarleg innovasjon preger samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet



Dekan si risikovurdering
per mars 2025

Fakultetet har allereie ein nær relasjon til tenestene vi utdannar til, og vi skal halde fram med dei gode samarbeidsrelasjonane og møtepunktta. Det er ei stor utfordring både for utdanningane og tenestene å halde tritt med farten i digitalisering. Vi er ansvarlege for at studentane våre tar del i utviklinga med den rette kunnskapen og haldningane. Kritisk kompetanse og digital dømmekraft er viktige eigenskapar både hjå studentar og undervisarar, og vi treng meir forskingsbasert innovasjon, særleg innan digital helse og KI. Det handlar om å ta eigarskap til utviklinga, og for å klare dette må vi i større grad samarbeide med andre faggrupper og på tvers av fakultet.

Oppdrag frå rektor 2025:



- Konkretisere korleis forskingsbasert innovasjon og nyskaping kan skje i samspel med aktørar i samfunns og arbeidsliv. Det å setje i gong konkrete prosjekt, og skape resultat står sentralt i dette.
- Ta ansvar for å styrke tverrfagleg tenesteforskning og arbeide for at Senter for omsorgsforskning Vest og klynger, vert arenaer for samhandling mellom academia, næringsliv og myndigheiter.
- Prioritere samarbeidet med Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap (FTMS) for å styrke det tverrfaglege innovasjonsmiljøet inn mot digital helse.
- Legge til rette for at tilsette får bygge kompetanse for å ta i bruk nye digitale verktøy og KI.
- Integrere digital kunnskap og innovativ bruk av KI i undervisninga for å førebu studentane på arbeidslivet

Strategiske arbeidsområde for FHS 2024 og 2025

5 Tverrfagleg samarbeid i utdanning og forskning

Felles verkemiddel, tiltak og arbeidsmetodar:

- Organisering og finansiering av SiM-arena på tvers av institutt og campus.
- Systematisk samhandling med praksisfelt om offentlig ph.d og nærings ph.d.
- Emneutvikling på tvers av institutt og fakultet inkl. studieadministrative system
- Prioritere FoU-tid og stipendiatstillingar til «Digital helse»
- Styrke institutta generelt, og Senter for omsorgsforskning Vest spesielt, si eksterne rolle og arena for samhandling

Styringsparameter:

- N. Tal på offentlig ph.d. og nærings ph.d. inkl. digital helse og innovasjon
- O. Forskingsgruppe og prosjekt på tvers av institutt og/el fakultet

6 Digitalisering knytt til forskning, utdanning og kompetanseutvikling

Felles verkemiddel, tiltak og arbeidsmetodar:

- Kompetansebygging Kunstig intelligens og digital læring
- Deltaking i MOSO, digitalisering av felles læringsplattform i praksis mellom fakultet og mellom institusjonar og praksisfelt
- Innretting og samordning av forskning knyta til digital helse internt i fakultet og på tvers av fakultetet
- Koordinering av SiM-arena og e-helse arena
- Etablere digital praksisportal

HVL verksemdsmål 4:

Organisasjonen vår er kjenneteikna av at vi søker forbetring



Dekan si risikovurdering
per mars 2025

God økonomistyring er heilt avgjerande for vidare utvikling av fakultetet. Gjennom 2024 gjennomførte vi ei rekkje tiltak som gjorde til at vi har oppnådde betre balanse mellom inntekter og kostnader. Vi må likevel halde fram med tiltak som tar ned kostnadane. Ein kritisk faktor er å implementere styringsverktøy som gjer det mogleg å hente ut styringsdata som gjer oversikt over all ressursbruk knytt til stillingar. Vi held fram med tiltak som kan sikre ei økonomisk berekraftig studieportefølje. Og vi må gjere naudsynte endringar i organisering på nivå 4 og i understruktur fram mot nye åremålsperiodar. Ny økonomisk rammefordelingsmodell i HVL påverkar dimensjonering og arbeidsdeling i administrative støttetenester i fakultetet. Det er viktig å sørge for at leiing på alle nivå medverkar i og får tilstrekkeleg oppfølging i endringsprosessar og at både tilsette og studentar opplever at det er rom for medverknad. Geografisk spreing og avstand er ein særleg risiko og vil krevje eit ekstra blikk på informasjon og tett kommunikasjon i linja og i personalgrupper

Oppdrag frå rektor 2025:



- Hente ut og dokumentere gevinstar av omstillingstiltak
- Prioritere gjennomgangen av råd og utval og leiarsstruktur i samband med nye åremål
- Følgje opp tiltaka i ARK-undersøkinga og setje i verk andre tiltak for trivsel og eit godt arbeidsmiljø
- Halde fram dialogen på tvers av organisatoriske linjer, og særleg prioritere samarbeid kring undervisning, studieportefølje/bruk av emne på tvers av institutt og fakultet
- Halde fram arbeidet med data- og informasjonsforvaltning for analyse og avgjerdsstøtte

Strategiske arbeidsområde for FHS 2024 og 2025

7

Bemanningsplanlegging og økonomistyring

Felles verkemiddel, tiltak og arbeidsmetodar:

- Vidareføre og styrke arbeidet med god økonomistyring og kostnadskontroll for å nå målet i økonomi- og omstillingsplan
- Prioritere arbeid med kompetanse- og bemanningsplanlegging (jf. tiltaksområde 2 i økonomi- og omstillingsplan)
- Utarbeide og implementere prinsipp for budsjett- og rammefordeling
- Revidere og implementere timerammemodell for undervisning, retningslinjer for arbeidstid, retningslinjer for FOU-tid og bruk av TE-plan
- Aktiv og systematisk bruk av økonomirapportar i leiarmøte på institutt og fakultetsnivå
- Styrke kopling mellom studieportefølje, forskingsprofil og budsjett og strategisk bemanningsplanlegging
- Legge til rette for god samhandling, kommunikasjon og møtearenaer med avdeling for økonomi, HR og øvrige fellestjenester

Styringsparameter:

- N. Økonomisk status og utvikling
- O. Utvikling i årsverk og studentar per faglege årsverk

8

Leing, organisasjonsutvikling og medverknad

Felles, verkemiddel, tiltak og arbeidsmetodar:

- Evaluere og revidere struktur for leing og organisering, inkl. understruktur (jf. tiltaksområde 3 i økonomi- og omstillingsplan)
- Evaluere råd og utval
- Innarbeide ny tilpassingsavtale i møtestruktur
- Informasjon, medverknad frå tilsette og deira organisasjonar
- Oppfølging av ARK-undersøkinga i alle einingar
- Jamleg evaluering av partssamarbeidet i ID-møta

HVL verksemdsmål 5:

Vi er eit samskapande fakultet med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle



Dekan si risikovurdering
per mars 2025

Utdanning og forskning i fakultetet er tett på det regionale behovet. Dei demografiske endringane medfører eit auka trykk på tilgang til utdanningstilbod i regionane rundt våre fem campus. Eigarskapet til utdanningane og moglegheit til å påverke er særleg merkbart frå helseføretaka. Samstundes er det ei god utvikling i forskningssamarbeid både mot kommunar og helseføretak, og det er også utvikling i samarbeid med næringsverksemd. Det regionale samarbeidet mellom UH-institusjonane står også sterkare. Responsen på studietilboda våre i 2024 viser at studieporteføljen vår treffer marknaden godt, men i lyset av økonomisk berekraft må vi likevel sjå på eventuell differensiering i utdanningstilbod og om vi må satse ulikt på ulike campus. Eit ledd i dette er også at vi må bruke fagmiljøet meir på tvers av campus eller i større grad satse på kombinerte stillingar i nokre regionar.

Oppdrag frå rektor 2025:



- Halde fram og styrkje samarbeidet om utdanningstilbod og forskingsprosjekt på tvers av institutt og fakultet for å utvikle kvart campus, saman med aktuelle klynger og store private og offentlege aktørar
- Ha særleg merksemd på å utvikle gode lærings- og studiemiljø på campus saman med andre einingar
- Bidra til å definere særpreget til kvart campus og profilere både campus og HVL som ein heilskap.

Strategiske arbeidsområde for FHS 2024 og 2025



Campusutvikling og lokal/regional forankring

Felles verkemiddel, tiltak og arbeidsmetodar:

- Utarbeide strategisk investeringsplan for utvikling SiM-arena (inkl. nybygg Haugesund og campus Vie)
- Strategisk oppfølging av Vestlandslegen
- Implementere møte- og avtalestruktur med helse, omsorg og sosialsektoren
- Auka merksemd på innmelding og forankring av sakar til campusmøta
- Evaluere insentiv og bruk av brobyggjarstillingar
- Systematisere arbeidet med delte stillingar. Tydeleggjere formål, omfang og behov.
- Avdekke mogelegheitsrommet for utdannings- og emnesamarbeid på tvers av institutt, fakultet og campus innanfor berekraftige økonomiske rammar

HVL verksemdsmål 6: Vi deler kunnskap og deltek aktivt i samfunnsdebatten



Dekan si risikovurdering
per mars 2025

Auken i forskingsaktivitet gjennom forskingsprosjekt, masterutdanningar og Ph.d.-utdanningar har bidrege til større synlighet i vitskapleg og populærvitskapleg formidling. Samtidig er tilliten til forskingsbasert kunnskap under press i ei tid der debatten er prega av svikt i grunnleggjande forskningsetikk, behovet for fremjing av akademisk ytringskultur og (for) stor fart i utvikling av kunstig intelligens.



Oppdrag frå rektor 2025:

- Legge til rette for at tilsette kan delta aktivt på nasjonale og internasjonale, faglege arenaer
- Prioritere at tilsette kan delta i det offentlege ordskiftet

Strategiske arbeidsområde for FHS 2024 og 2025


10

Byggje tillit, truverdighet og akademisk ytringskultur

Felles verkemiddel, tiltak og arbeidsmetodar:

- Målretta insentivordningar som fremjar deltaking i forskarsamfunnet
- Leiing og impact av Cochrane Norway
- Systematisk samarbeid med bibliotek og avdeling for kommunikasjon
- Openheit rundt akademiske ytringar
- Kompetansebygging i vitskapleg og populærvitskapleg formidling
- Synleggjere og formidle fakultetet sitt bidrag til HVL si handlingsplan for berekraft

Vedlegg 1: Resultatutvikling styringsparameter





Strategisk arbeidsområde	Styringsparameter	Fakultet/institutt	Resultat 2021	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Berekraftig styring og utvikling av studieportefølje	A. Kvalifiserte førstevalsøkker per studieplass, samordna opptak	A. FHS	3,3	2,6	2,4	2,7
		A. IHO	2,4	1,6	1,3	1,6
		A. IVD	4	3,7	3,4	3,7
		A. IHF	4,5	4,1	4,3	4,4
	<u>B. Produksjon og gjennomføring i utdanningane</u>	B1. FHS	1150	1115	1275	1065
		B1. IHO	710	610	750	600
		B1.IVD	295	325	370	310
		B1. IHF	145	180	155	155
	B2 Gjennomføring på normert tid (bachelorutdanning)	B2.FHS	69,7 %	76,7 %	73,7 %	66 %
		B2. IHO	68,4 %	75,5 %	72,4 %	63,6 %
		B2.IVD	79,0 %	84,3 %	79,4 %	74,8 %
		B2. IHF	59,3 %	68,3 %	67,2 %	58,7 %
	B3. Studiepoengproduksjon (eigenproduserte heiltidsekvivalentar)	B3.FHS	3758	3744	3646	3605
		B3. IHO	2173	2178	2085	1979
		B3.IVD	1039	1074	1072	1109
		B3. IHF	497	475	488	517
	C. Utnytting av finansierte studieplassar ("produksjonsgrad"/Tal produserte heiltidsekvivalentar per finansierte studieplass)	C1.FHS			96 %	96 %
		C1. IHO			95 %	91 %
		C1.IVD			103,0 %	105%
		C1. IHF			80 %	85 %
	D. Studiepoengproduksjon per faglige årsverk	D.FHS	10,9	10,1	9,3	10,5
		D. IHO	12,3	12,1	11,3	11,6
		D.IVD	11,2	10,2	9,2	11,1
		D. IHF	7,9	7,3	6,8	9,8
	E. Gjennomstrøyming før og etter nivåkrav i sjukepleie	E. FHS/IHO sjukepleie	68,3	75,5	72,5	63,6
		E. Sjukepleie Bergen	76,1	78,2		
		E. Sjukepleie Førde	62,5	71		
		E.Sjukepleie Stord	61	72,5		
		E. Sjukepleie Haugesund	66	76,5		
		F. FHS	97,59	120,95	128,07	122,3
	F. Omfang ekstern finansiert EVO (ekstern finansierte heiltidsekvivalentar)	F. IHO	48,23	56,51	69,76	65,5
		F. IVD	45,24	60,32	58,32	52,7
		F. IHF	4,12	4,12	0	4

Strategisk arbeidsområde	Styringsparameter	Fakultet/institutt	Resultat 2021	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024	
Omstilling og effektiv ressursbruk i utdanningane	G. Ressursbruk på tvers av einingar (årsverk)	G.FHS			Under arbeid	Under arbeid	
		G. IHO					
		G.IVD					
		G. IHF					
	H. Tid brukt på undervisning (prosent)	H.FHS			Under arbeid	Under arbeid	
		H. IHO					
H.IVD							
H. IHF							
Kobling mellom forskning og utdanning	I. Tal førstekompetanse og toppkompetanse	I1.FHS	46	44,8	46,9	50,8	
		I1. IHO	43,8	42,8	41,1	47	
		I1.IVD	35,9	37,6	41,9	45,7	
	I1 Del førstekompetente årsverk	I1. IHF	60,7	54,4	65,4	63,5	
		I2.FHS	10,6	11,4	11,4	12,2	
	I2 Del toppkompetanse årsverk	I2. IHO	8,3	9,6	8,5	8,5	
		I2.IVD	9,1	8,9	8,7	9,9	
		I2. IHF	13,7	15	17,1	19,7	
		J. Avlagte doktorgradar i eiga ph.d. utdanning	J1.FHS				
			1	1	2	5	
	K. Publiseringspoeng		K.FHS	140	189,4	204	217
			K.IHO	60,34	72,69	80,3	83
K.IVD			28,45	44,52	50,67	62,5	
K.IHF			41,58	54,57	55,37	56	
K.SOV			8,54	15,37	13,16	12,7	
L. Studentar involvert i FoU-prosjekt	L.FHS	Under arbeid	Under arbeid	Under arbeid	Under arbeid		
Ekstern finansierte prosjekt	M. Omfang ekstern finansiert forskning (søknadar og tilslag)	M.FHS	Under arbeid	Under arbeid	Under arbeid	Under arbeid	
	Tverrfagleg samarbeid i utdanning og forskning	N.FHS	3	3	3	3	
N. Tal offentlege ph.d. og nærings ph.d.		N.IHO	0	0	0	0	
		N.IVD	2	2	2	2	
		N.IHF	1	1	1	1	
O. Forskingsgrupper og prosjekt på tvers av institutt og fakultet	O.FHS	Under arbeid	Under arbeid	Under arbeid	Under arbeid		
	Bemanningsplanlegging og økonomistyring	P.Økonomirapportar	P.FHS			Sjå eige rapport	
Q. Utvikling årsverk:		Q1. FHS	399	432	455	405	
		Q1.IHO	184,66	189,55	194,84	181	
		Q1.IVD	98,3	112	123,78	106	
		Q1.IHF	67,1	71,55	80,95	60	
		Q1. SOF	11,2	19	16,06	17	
		Q2. FHS	14,25	13,75	13,17	15,88	
		Q2.IHO	16,54	16,95	16,21	18,39	
		Q2.IVD	14,86	13,71	13,16	15,55	
		Q2.IHF	9,32	8,87	8,26	12,37	



Vedlegg 2: Økonomi- og omstillingsplan



Økonomi- og omstillingsplan FHS (2025/2026)

Felles mål: Tiltaka i planen forpliktar alle einingar i fakultetet til å bidra i arbeidet med å tilpasse kostandar og aktivitetsnivå til inntektsrammene både på kort og lenger sikt. Målet er at fakultetet samla, og einingar i fakultetet kvar for seg skal komme i økonomisk balanse i løpet av rekneskapsåret 2026.

Felles tiltaksområder:

1. Økonomisk berekraft i studieporteføljen
2. Aktiv og systematisk kompetanse- og bemanningsplanlegging
3. Effektiv struktur for leiing og organisering
4. Andre felles tiltak

Særskilte tiltaksområder

5. Økonomisk handlingsplan for IVD

Kopling til andre planer: Planen for økonomi og omstilling er ei konkretisering og oppsummering av fakultetsplan

Forventning til oppfølging i institutta: Det er forventa at kvart institutt prioriterer arbeid med tiltaka i denne planen. På grunn av den økonomiske situasjonen i institutt for velferd og deltaking, er det ein særskilt forventning til kostnadsreduksjonar i dette instituttet.

Det er lagt opp til tertialvise statusoppdateringar knytt til tiltaka i planen i instituttleiing og fakultetsleiing

Revisjon: Revisjon av planen vil skje tertialvis i dialog med ID-møte.



1. Økonomisk berekraft i studieporteføljen

I Utsynsmeldinga (Meld St.14 2022/23) gir KD og regjeringa eit tydeleg ansvar til institusjonane om å dimensjonere og prioritere studieporteføljen i høve til samfunnet sitt kompetansebehov og studentane sin etterspurnad. Ei strategisk utvikling av studieporteføljen, som er tilpassa kompetansebehov og etterspurnad, samt faglege og økonomiske forutsetningar, er eit av omstillingsområda til HVL. Dette er eit særleg prioritert arbeid i FHS.

Tiltak:

1.1 Revidere prinsipp for studieporteføljeutvikling i FHS med mål om å redusere kompleksitet, betre ressursutnyttinga og auke den økonomiske berekrafta i den samla studieporteføljen.

1.2 Gjennomføre SEFØ vurderingar av alle studieprogram inkludert;

- Inntektsprognosar og vurdering av inntektsmessige konsekvensar av endringar i studieporteføljen
- kartlegging av kva dei einskilde studieprogramma generer av kostnad

1.3 Vurdere omfordeling av studieplassar i høve til felles kriterie og prosess i HVL

1.4 Involvere ID-møte og tilsette i drøftingar kring framtidig utvikling av studieporteføljen

Organisering og ansvar på vegne av leiargruppa v/dekan:

- › Prodekan for utdanning, studieadministrativ leiar, administrasjonssjef og instituttleiarar

Administrativ støtte:

- › Team studieportefølje



2. Aktiv og systematisk kompetanse- og bemanningsplanlegging

FHS må framleis gjere tiltak for å tilpasse kostnadsnivå til inntektsramma, og til eit framtidig lågare inntektsnivå. Vi må samstundes sørge for å ha tilstrekkelig ressursar og kompetanse til å gi tilby god kvalitet på undervisninga, oppfylle studietilsynsforskrifta og innrette kompetanseplanlegginga mot strategiske FoU ambisjonar i eit framtidig Universitet. Det er naudsynt med aktiv og systematisk kompetanse- og bemanningsplanlegging som balanserer strategiske mål og økonomiske realitetar.

Tiltak:

2.1 Klargjere målbilete og prioriteringar for kompetanse- og bemanning eit kort- og langsiktig perspektiv og utarbeide fleirårige kompetanse- og bemanningsplanar i alle institutt og senter:

- › Prioritere administrative støtteressursar til analyse av kompetanse- og bemanningsbehov
- › Redusere sårbarheit og risiko ved generasjonsskifte gjennom felles finansiering av stipendiatar og kompetansestipend (jf prinsipp i budsjett- og rammefordelingsmodell)
- › Ta i bruk Kompis som verktøy for bemanningsplanlegging
- › Gjennomføre faste møter i og på tvers av institutt (og evt. senter) med mål om betre ressursutnyttelse på tvers av einingar.

2.2 Gjere grundige økonomiske vurderingar før utlysing av stillingar

- › Utlysning av faste og mellombelse stillingar skal ha økonomisk dekning i budsjett
- › Kartlegge og dokumentere intern kapasitet før bruk av timelærarar og gjesteførelesarar

2.3 Involvere ID-møte og tilsette i drøftingar om kompetanse- og bemanningsplanlegging

Organisering og ansvar på vegne av leiargruppa v/dekan:

- Instituttleiarar, administrasjonssjef og studieadministrativ leiar

Administrativ støtte:

- Fakultetsrådgjever(ar) og instituttleiarstøtte



3. Effektiv struktur for leiing og organisering

I samband med at mange åremålsstillingar på nivå 4 på alle tre institutt skal lysast ut innan 2025, er det aktuelt med ein gjennomgang av eventuelle endringar av organisasjonsstruktur, leiarspenn og understruktur i fagseksjonane.

Tiltak:

3.1: Nedsette eit eige prosjekt for evaluering og revisjon av struktur for leiing og organisering i FHS. Prosjektet skal sjå nærmare på:


- Organisering og tal fagseksjonar, leiarspenn og tilhøyrande understruktur

3.2: Organisering av dekanat og støttefunksjonar

3.3: Involvere ID-møte og tilsette i drøftingar om framtidig struktur for leiing og organisering i FHS.

Organisering og ansvar på vegne av leiargruppa dekan:

- > Organisert som eige prosjekt



4. Andre felles tiltak

Tiltak:

4.1 Andre driftskostnader som reise, bevertning og konferanseverksemd skal vere på eit ansvarleg nivå med omsyn til økonomisk situasjon og haldast innanfor eininga sitt budsjett

4.2 Deltaking på konferansar og arrangement skal avklarast med nærmaste leiar.

4.3 FHS sine økonomiske forpliktingar i eksterne samarbeidsprosjekt skal evaluerast og reduserast

Organisering og ansvar på vegne av leiargruppa v/dekan:

- Instituttleiarar

Administrativ støtte:

- Økonomirådgjevarar



5. Økonomisk handlingsplan IVD

Tiltak:

5.1 Dei særskilte tiltaka i den økonomiske handlingsplanen til IVD skal evaluerast, reviderast og halde fram.

5.2: Involvere ID-møte og tilsette i IVD i drøftingar om særskilte økonomiske tiltak i IVD.

Organisering og ansvar på vegne av leiargruppa v/dekan:

- Instituttleiar IVD



Vedlegg 3: Budsjett- og rammefordeling 2025

Eining	Resultat utsett	Forsking	Basis	Øymerka midlar	Sum	Rekruttering sstillinger	Sum inkl. rekr. stillinger
IHF	29 361 734	2 484 318	25 069 826	301 744	57 217 622		57 217 622
IHO	99 846 838	348 141	72 809 595		173 004 574		173 004 574
IVD	50 320 020	733 850	33 392 339		84 446 209		84 446 209
SOFV	-41 671	1 359 087			1 317 416		1 317 416
FHS felles	1 100 087	5 059 005	37 914 309		44 073 400	25 195 833	69 269 233
Sum	180 587 007	9 984 400	169 186 068	301 744	360 059 221	25 195 833	385 255 054

